



PLAN FOR OVERGANG

FRÅ

BARNEHAGE TIL SKOLE

I

SEL KOMMUNE

2009 - 2013

Godkjent av Driftsutvalget den 7/9-2009
D-sak 35/09

PLAN FOR OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKOLE I SEL KOMMUNE 2009 - 2012

Plan for overgang frå barnehage til skole i Sel kommune 2009 – 2012 er utarbeidd i nært samarbeid mellom skolane og barnehagane i kommunen. Med bakgrunn i sak om tilsyn i barnehage og skole vart det sett ned ei arbeidsgruppe til å utarbeide ein felles plan for kommunen. Planen har vore ute til høyring der m.a. samarbeidsutval har gjeve uttale. Planen er utarbeidd for å sikre eit felles opplegg i kommunen og kvalitetssikre overgangen. Den erstattar tidlegare ordningar. Planen forpliktar involverte partar i eit samarbeid til beste for barnet. Kommunen har overordna ansvar for at planen blir følgt opp gjennom årlege tilsyn, og har ansvar for å legge til rette for samarbeid.

Sentrale dokument som er grunnlag for denne planen er m.a.:

- FNs barnekonvensjon – ”Til barnets beste: Handlingar som vedgår barn som vert sett i verk av styresmakter og organisasjonar, skal først og fremst ta omsyn til kva som gagnar barnet best.”
- Rammeplan for barnehagar (2006) - Barnehagen skal, i samarbeid med skolen, legge til rette for overgang frå barnehage til 1. klasse og evt. skolefritidsordning. Dette arbeidet skal skje i nært samarbeid med heimen. Planane for overgang skal vidare være nedfelt i årsplanen til barnehagen.
- Kunnskapsløftet (2006) - Læringsplakaten - ”Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn skal bidra til å lette overgangen”.
- ”Veilederen: Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole”.
- St.meld. nr. 41 Kvalitet i barnehagen (2008-2009).
- Regional veileder for overgang – er under arbeid.

Mål:

1. Kvalitetssikre arbeidet i overgang barnehage – skole
2. Setje i system dei mange gode overgangsordningane som allereie er i bruk
3. Barnet skal være i fokus, og planen skal ivareta det enkelte barnet sine interesser saman med føresette, i tett samarbeid med barnehagane og skolane i kommunen.
4. Samarbeid og oppfølging av planen er tufta på gjensidig respekt for ulike arbeidsmetodar og kulturar i barnehage og skole

Otta 31.08.2009

Kari Hølmo Holen
Kommunalsjef

HANDLINGSPLAN FOR OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKOLE

| Tidspunkt | Tiltak | Ansvarleg for tiltaket |
|--|---|---|
| Januar – nest siste barnehageår | - Førebu overgang for barn med spesielle behov | Ansvarsgruppe v/styrrar |
| September – siste barnehageår | - Foreldresamtaler - planlegging av overgang til skolen - Foreldremøte i barnehagane med informasjon om overgangsplan for barnehage-skole – vil være ein del av det ordinære foreldremøtet, del av årsplan | Styrrar |
| Oktober – etter haustferien siste barnehageår | - Felles fagmøte/planleggingsmøte for personale som har første klasse og dei som har ansvar for førskolebarna i barnehagen - Utarbeide kompetanseplan med liste over faglige tema som er felles for førskolebarna og de yngste elevane | Kommunalsjefen i samarbeid med rektorar/styrrarar |
| November - Siste barnehageår | - Innskriving av elevar ved den einskilde skole saman med elev, føresette og lærar - Informasjonsskriv frå skole til barnehage og foreldre/føresette | Rektor |
| Januar – Siste barnehageår | - Plan for fadderordning er klar. - Barnehagebarna møter fadrane sine i løpet av vinteren/våren - Fadderordninga blir styrka i 1. klasse | Rektor - i samarbeid med styrrer |
| Februar – Siste barnehageår | - Ansvarsgruppemøte/samarbeidsmøte m.m., for avklaring om ressursar og tilrettelegging - Søknad til PPT ved behov. | Styrrar i samarbeid med skolen |
| Mars – Siste barnehageår | - Felles samling for førskolebarna i barnehagane i kommunen (evt. på barnehagedagen) | Styrrar |
| April/mai – Siste barnehageår | - Felles fagmøte/-dag for lærarar i barnehage og skole. Tema: kunnskap om rammeplan og læreplan, utviklingsområde og ulike faglege tema som er knytt til 5-6-åringer | Kommunalsjefen i samarbeid med rektorar/styrrarar |
| Innan 15. mai – Siste barnehageår | - Foreldresamtaler - Utfylling av skjema ”Overgang barnehage-skole” saman med foreldre, og avklare kva som skal følgje med over til skolen; TRAS og evt. annan informasjon. - Barnehagen sikrar evt. deltaking i oppfølgingsmøte for barn med spesielle behov, dette krev godkjenning frå foreldre. | Styrrar |

| | | |
|---|--|--|
| Innan 1. juni - Siste barnehageår | - Gruppeinndeling 1. klasse; (For Otta skole blir barnehagane tatt med på råd om inndeling av gruppene i samråd med foreldre) | Rektor Otta skole Styrarane |
| Mai/juni – Siste barnehageår | - Førskoledagar (gjeld og for dei barna som ikkje går i barnehagen) - Førskolegruppa i barnehagen har ”bli-kjentur” til skolen og området rundt. | Skulen i samarbeid med barnehagane |
| Juni – Siste barnehageår | - Avslutning i barnehagen for førskolegruppa før dei skal starte i skolen. | Styrer |
| Juni - Siste barnehageår | - Møte barnehage-skole med overlevering av informasjon - overgangsskjema og TRAS. - Møte mellom pedagogisk leder/styrar i barnehagen og kontaktlærer/rektor | Rektor |
| I løpet av august, september og oktober 1. klasse | - Foreldremøte etter skolestart - Kontaktmøte med foreldre; samtale om elev og overgang. | Rektor/kontaktlærer |
| Oktober – januar 1. klasse | - Besøksdag - 1. klassetrinn besøker den barnehagen de har gått i | Styrarane i samarbeid med skolen og foreldra |
| Årleg oppfølging av planen | - Blir tatt med i kommunen sitt årlege tilsyn for barnehagane og rapportert til Driftsutvalget | Kommunalsjefen |